

# HELSE & OMSORG



**Høyanger** *kommune*

## Temaplan

# Vald i nære relasjonar

**Føreord:**

Dette er Høyanger kommune sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Planen er tenkt nytta i førebyggjande arbeid. Som del av det førebyggjande arbeidet kan reknast alle offentleg tilsette som dagleg kjem i kontakt med menneske, både barn og vaksne, og som er i posisjon til å kunne gje råd og rettleiing til desse. Den omfattar skildring av kommunale instansar sine konkrete rutiner knytt til det å melde til barneverntenesta når ein får t.d. kunnskap om barn som er utsett for, eller kan ha vore vitne til, vald i heimen.

Vald i nære relasjonar har alvorlege konsekvensar for dei som er involverte, men vald verkar også inn på resten av samfunnet. Vald rammar barn, kvinner og menn, offeret opplev ei krenkande handling av den utøvande parten, handlinga kan vere fysisk, og vert hos dei fleste ofra opplevd som psykisk belastande.

Planen har som mål å gje tilsette i kommunen ei orientering om gjeldande retningslinjer knytt til dette temaet. Planen konkretiserer kva som ligg i omgrepet ”vald i nære relasjonar”. Den vil innehalde ei nærare klargjering kva behov kommunen har innanfor dette området, kva konkrete målsetjingar kommunen skal ha for best mogleg førebygging, samt kva det nødvendige tenestetilbodet i kommunen omfattar.

Ansvar for utarbeiding og koordinering av planen ligg til barnevernleiar. Den praktiske gjennomføringa av arbeidet har vore utført av ei arbeidsgruppe sett saman av representantar frå helsestasjonen, tenesteområdet oppvekst, politikar, NAV, politi, flyktningkonsulent, samt den offentlege tannhelsetenesta. Fylkesmannen arrangerte i 2009-2010 ei kursrekke med Vald i nære relasjonar som tema, der nokre få av dei nemnde deltok.

I arbeidet med å lage ein slik handlingsplan er det naturleg at også ikkje-kommunale tenesteområder også deltek, som den offentlege tannhelsetenesta og politi.

Alle offentlege tenester har eit spesielt ansvar for å følgje opp kommunen sine innbyggjarar, slik at dei kan leve i eit samfunn utan å verte utsett for eller ha angst for å verte utsett for vald og overgrep.

## **Innholdsliste:**

### **1.0. Innleiing**

- 1.1. Arbeidsgruppa si samansetjing
- 1.2. Målsetjing

### **2.0. Definisjonar**

- 2.1. Kva vert definert som vald
  - 2.1.1. Fysisk vald
  - 2.1.2. Psykisk vald
  - 2.1.3. Materiell vald
  - 2.1.4. Seksuelle og fysiske overgrep mot barn
  - 2.1.5. Seksuelle overgrep
  - 2.1.6. Vald mellom ektefeller/partnarar
  - 2.1.7. Vitne til relasjonsvald
  - 2.1.8. Eldrevald
  - 2.1.9. Tvangsekteskap
  - 2.1.10. Kjønslemlesting
  - 2.1.11. Æresvald
  - 2.1.12. Menneskehandel
- 2.3. Vanskeleg å skilje ulike typar vald

### **3.0. Omfang av vald i nære relasjonar**

- 3.1. Overrepresentasjon i bestemte grupper i samfunnet
  - 3.1.1. Rus/psykiatri
  - 3.1.2. Framandkulturelle
  - 3.1.3. Patriarkalske familiesystem
  - 3.1.4. Eldre

### **4.0. Verknader av vald**

### **5.0. Symptom på at barn og unge er utsett for eller er vitne til vald**

### **6.0. Fasar ved oppdaging av vald i nære relasjonar:**

- 6.1. Oppdagingsfase
  - 6.1.1. Barnevern og politi
  - 6.1.2. Kven oppdagar menneske som har vorte utsett for eller vitne til vald
  - 6.1.3. Meldeplikt/opplysningsplikt
- 6.2. Utgreiingsfase
- 6.3. Tiltaksfase

### **7.0. Meldingsrutinar**

- 7.1. Offentlege tenester
- 7.2. Meldingsrutine til barneverntenesta
  - 7.2.1. Melding til barneverntenesta
- 7.3. Meldingsrutine politi
- 7.4. Helsestasjonen
- 7.5. Barnehage
- 7.6. Skule
- 7.7. Fastlege/legekontor

- 7.8. Den offentlege tannhelsetenesta
- 7.9. NAV lokal
- 7.10. Flyktningskonsulent/vaksenopplæring

### **8.0. Barneverntenesta sine rutiner**

- 8.1. Melding om bekymring for eit barn sin omsorgssituasjon
- 8.2. Undersøking etter barnevernlova § 4-3
  - 8.2.1 Innhenting av opplysningar
  - 8.2.2. Barn har vore vitne til vald i heimen
- 8.3. Tiltak etter barnevernlova kap. 4
- 8.4. Tverrfagleg arbeid

### **9.0. Politiet sine rutiner**

- 9.1. Samarbeid med andre instansar
- 9.2. Dommaravhøyr av barn

### **10.0. Behov for ytterlegare tiltak**

### **11.0 Krisesenter og overgrepsmottak**

### **12.0 Evaluering**

## **1.0. Innleiing:**

I 2009 avgjorde dåverande kommunalsjef for helse og sosial at det skulle nedsetjast ei arbeidsgruppe med barnevernleiar som koordinator med det mål å utarbeide handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Medlemmene til arbeidsgruppa vart innkalla med utgangspunkt i arbeidsfelt, samt deltaking på Fylkesmannen si kursrekke om ”Vald i nære relasjonar”. Ein av medlemmene er også med som medlem av kommunestyret.

### **1.1. Arbeidsgruppa si samansetjing:**

Thore Hopperstad – tidlegare kommunalsjef helse og sosial  
Jane Kristin Lindstrøm-Bolme – tidlegare barnevernleiar  
Toril Varden – noverande kommunalsjef helse og sosial  
Heidi Skaar Beinnes – noverande barnevernleiar  
Aud Kjersti Haugen – jordmor v/ Høyanger helsestasjon  
Marit Nitter – flyktningkonsulent i Høyanger kommune  
Hanne Hjelmeland Ørnehaug – repr. tenestoområdet Oppvekst og kultur/politikar  
Atle Førde – lensmann v/ Høyanger lensmannskontor  
Hanne Sæbø – leiar v/ NAV Høyanger kommune  
Ingvild Osland Boge – tannlege ved Høyanger tannklinikk

Gruppa har slik den er i dag, hatt som mål å ferdigstille handlingsplanen.

### **1.2. Målsetjing**

Målsetjinga med planen er å heve kunnskapsnivået om temaet Vald i nære relasjonar for tilsette i Høyanger kommune. Planen skal vere med å bidra til større openheit om problematikken ved å:

- Bevisstgjere administrativt tilsette og politikarar
- Synleggjere omfanget i kommunen
- Førebygge og hindre ved aktiv informasjon
- Gje tilbod om hjelp, rettleiing og oppfølging av dei som har vorte utsett for vald.

Høyanger kommune har nulltoleranse i høve dette temaet. Dette inneber eit mål om at der ikkje skal skje noko form for vald i nære relasjonar i kommunen. Dette vert i praksis vanskeleg å måle då der mest truleg skjer slik vald som ikkje vert meldt vidare til det offentlege. Det vil likevel vere tenleg å rette fokus på temaet og gje konkret rettleiing til korleis ein skal handle dersom ein får kjennskap til tilfeller.

## **2.0. Definisjonar:**

Planen fokuserer på alle former for vald som kan skje i nære relasjonar. I omgrepet ”vald i nære relasjonar” er overgripar og offer knytt til kvarandre ved nære familieband, eller dei har ei anna, men likevel nær tilknytning til kvarandre i kvardagen. Med nære familieband kan reknast alle former for familierelasjonar som er innanfor same husstand, dvs at også stebarn og fosterbarn vert rekna med til liks med biologiske barn. Andre relasjonar som er knytt til kvarandre i kvardagen, kan vere t.d. lærar/trenar – elev.

### **2.1. Kva vert definert som vald**

”Vold er enhver handling rettet mot en annen person som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje, eller slutte å gjøre noe den vil” (Isdal 2003, Alternativ til vold). Vald er eit omfattande problem, den har konsekvensar ikkje berre for den som vert direkte utsett for valden, men også for dei som er vitne til valden.

Det er den som sjølv har vorte utsett for slik vald som skal definere valden uavhengig av grad eller omfang. Dette må likevel ikkje vere til hinder for at omgjevnadene melder i frå ved mistanke om at nokon har vore utsett for vald, sjølv om personen sjølv ikkje ser seg sjølv som eit valdsoffer.

Dei ulike definisjonane vald som er skildra nedanfor, glir i mange tilfeller inn i kvarandre. Det er også slik at vald ofte dreier seg om maktutøving på fleire plan, dvs at eit offer kan ha vore utsett for både fysisk, psykisk, materiell og seksuell vald anten samstundes eller kvar for seg over lenger tid. I slike tilfeller har offeret eit sannsynleg behov for langvarig oppfølging og behandling. Det er svært viktig for politiet å kunne definere type vald for vidare arbeid knytt til etterforsking og vurdering av straffeansvar.

#### **2.1.1. Fysisk vald**

Bruk av fysisk makt som å skubbe, lugge, sparke, slå.

#### **2.1.2. Psykisk vald**

Bruk av psykisk makt som direkte eller indirekte trugsmål, utset andre for kontroll, trakassering, neglisjering, forfølgjing.

#### **2.1.3. Materiell vald**

Øydeleggje inventar eller gjenstandar, økonomisk utnytting.

#### **2.1.4. Seksuelle og fysiske overgrep**

Seksuelle overgrep mot barn er ei krenking mot barnet der den vaksne søker ei tilfredsstilling av egne behov på kostnad av dei utsette barna sine behov. Slike overgrep skjer også mot vaksne.

#### **2.1.5. Vald mellom ektefeller/partnarar**

Vald som kan verte definert som husbråk.

#### **2.1.6. Vitne til relasjonsvald**

Barn kan verte vitner til vald i næraste familie. Den eine av foreldra kan verte vitne til vald mellom den andre forelderen og barn/ungdom.

### **2.1.7. Eldrevald**

Fysisk og/eller psykisk vald som skjer mellom personar med tett relasjon til kvarandre, som utifrå alder vert karakterisert som ”eldre”.

### **2.1.8. Tvangsekteskap**

Andre kulturar har tradisjon å tvangsgifte sine barn, slik dette vert gjort kjend i ulike media, kan dette dreie seg om mindreårige jenter som vert sendt tilbake til sine foreldres heimland der dei vert tvangsgift med ein mann. Tvangsekteskap kan også knyttast til pkt 2.2.11 om æresvald.

### **2.1.9. Kjønslemlesting**

I enkelte andre kulturar førekjem omskjering av kjønnsorgan som tradisjon. Omskjering vert å forstå som ulike typar og grader av kirurgiske inngrep av jenter og kvinner sine kjønnsorgan, der dei ytre kjønndelane vert heilt eller delvis fjerna, eller vert påført annan varig skade. Omskjering i ein slik kontekst vert føreteke av andre årsaker enn medisinsk nødvendig behandling.

### **2.1.10. Æresvald**

I valdsutøvinga kan det ligge eit behov for å oppretthalde ei ære. Dette vert forstått i samanheng med ei sosial anerkjenning, sjølvkjensle og sjølvrespekt. I dag tenkjer ein at dette kan henge saman med patriarkalske familiemønster. Æresvald er ein del av vald i nære relasjonar og innebere eit behov for gjenoppretting av ære.

### **2.1.11. Menneskehandel**

Utnytting av personar som er iverksett av organiserte kriminelle, som t.d. prostitusjon, tigging, sal av organ, etc.

### **3.0. Omfang av vald i nære relasjonar**

Norge er eit trygt land å bu i, det hindrar likevel ikkje at det i husstandar rundt om i landet skjer valdelege handlingar utøvd av ein eller fleire personar. Det nasjonale fokuset på å avdekke og førebygge dette har bidrege til ei auke i tal på melde hendingar. Det er grunn til å tru at det også i Høyanger kommune er såkalla ”mørketal” innan dette feltet. Høyanger lensmannskontor har likevel ikkje mange slike saker å vise til siste åra. Tala er så få at dei kan vere letta å gjenkjenne for involverte partar, og vert difor ikkje offentleggjort her.

I tal frå politiet sine statistikkar finn ein at det i 2010 var 14 saker som kjem inn under vald i nære relasjonar.

### **3.1. Overrepresentasjon i bestemte grupper i samfunnet**

Vald i nære relasjonar skjer i alle samfunnslag. Ein kan utifrå erfaring vise til ein overrepresentasjon i bestemte grupper i samfunnet.

#### **3.1.1. Rus/psykiatri**

I relasjonar der den eine eller begge partar har utfordringar knytt til rus og/eller psykiatri, kan det i nokre tilfeller forekomme vald.

#### **3.1.2. Framandkulturelle**

Innvandrarar kan bere med seg opplevingar, erfaringar og tradisjonar frå sin opphavlege kultur, som har innverknad på eigne grenser knytt til toleranse og terskel for utøving av vald.

#### **3.1.3. Patriarkalske familiesystem**

Familiar med dette preget, fins i alle kulturar. Ein patriark, mannleg overhovud i familie eller større relasjons-eining, vil ha kontroll på ”sine” medmenneske. Patriarken er mest kjend som knytt til religion, men førekjem også som den autoritære og gamaldagse far i den norske kulturen.

#### **3.1.4. Eldre**

Blant eldre som lever i Norge førekjem vald i nære relasjonar. Valden kan ha utspring i psykisk helse og sjukdom, eller låg evne til forståing av kva vald er og dei konsekvensar vald kan ha, og valden kan vere vanskeleg å førebygge.



#### **4.0. Verknader av vald**

WHO definerer i dag vald som eit folkehelseproblem. Å vekse opp med vald, vere vitne til vald eller å leve med vald som vaksen, gjev alvorlege helsemessige konsekvensar for den enkelte. Vald har også innverknad på samfunnet generelt, både juridisk, økonomisk og i kva grad ein som enkeltindivid kan kjenne seg trygg i kvardagen.

Vald i nære relasjonar rammar hardt og har alvorlege konsekvensar for dei som opplev den. Valden inneber minst ei tredelt krenking:

- den psykiske og fysiske valden er ofte rå og brutal.
- den inneber eit tillitsbrot pga den nære relasjonen mellom utøvar og offer.
- staden valden skjer på, er ein stad der ein i utgangspunktet skal kunne kjenne seg trygg.

I følge studiar, utviklar 40% av alle barn som vert utsett for vald eller som er vitne til vald, fysiske og psykiske symptom som dei treng hjelp i høve til.

**5.0. Symptom på at barn og unge er utsett for eller har vore vitne til vald:**

Barn kan også vere utsett for vald eller vitne til vald utan at dei har symptom!

<b>Emosjonelt</b>	<b>Kognitivt</b>	<b>Åtferd</b>
<b>0-1 år</b> Angst Spennning	Manglande respons Forsinka utvikling	Gråt Skader seg lett Forstyrringar i søvnrytme Fordøyingsvanskar
<b>1-5 år</b> Frykt Angst Lett frustrert Sint	Lett distraheret Vanskeleg å fokusere Låg impuls kontroll Forsinka utvikling	Slår seg vrang Kopierer utøvar si åtferd Eneurese/enkoprese Utagering Beskyttande ovanfor yngre søsken Beskyttande ovanfor mor, vil vere heime Knuser leikar Nervøse vanar Manglande respekt for kvinner
<b>5-12 år</b> Gråter lett Disorganiserte kjensler Problem med tillit Desperasjon  Håpløyse, hjelpeløyse Manglande empati Sinne mot mor Sinne mot seg sjølv	Spesifikke lærevanskar Sjølvmordstankar Manglande struktur og fokus Prøver å vere meir vaksen oftare Overdreven ansvarleg Manglande ansvar	Prøver å vere i kontroll Hærverk Voldsommere Utageringar  Rømme heimanfrå Perfeksjonisme Manglar grenser Vald mot utøvar Sjølvsykdom Sloss
<b>Unge (jenter)</b> Problem med tillit  Hatar eller legg skulda på mor Sterkt ønske om å verte beskytta Kjenner spenningar og rastløyse Kjenner seg hjelpelaus og utan håp Forvirra kjønnsroller Kjenner skuld og skam i forhold til valden Deprimert	Problem med oppmerksomheit Droppar ut av skule  Manglande sjølvforståing  Grenselaus  Personlegheitsproblematikk	Ikkje i stand til å fungere heime Ikkje i stand til å fungere i relasjonar Rømmer heimanfrå  Rusmisbruk  Tidleg graviditet  Spiseproblem Ser etter sterk beskyttar blant menn Sjølvsykdom
<b>Unge (gutar)</b> Kjensle av hjelpeløyse og skuld Tilbaketrekking Skamfull og flau Har ikkje vener  Deprimert  Trenge kontroll	Problem med å halde fokus  Problem med å flytte fokus Droppar ut av skulen Tenkjer at vald er ok i eit parforhold Tradisjonelle maskuline verdiar Sjølvmordstankar	Nyttar vald som meistring  Rusmisbruk Antisosial åtferd Utagering  Problem med relasjonar  Vald mot utøvar Seksuelle problem Sjølvsykdom

## **6.0. Fasar ein gjennomgår ved oppdaging av at der går føre seg vald i nære relasjonar:**

Når ein får kjennskap til at ein person -barn, ungdom eller vaksen- har vore utsett for vald knytt til nære relasjonar, er det naturleg å dele det vidare arbeidet inn i tre fasar: oppdaging, utgreiing og tiltak.

### **6.1. Oppdagingsfase:**

Ein får som tilsett i kommunen kjennskap til at ein person er utsett for eller har vore vitne til vald som har skjedd i heimen eller ein annan trygg arena. Kjennskapen til tilhøva kan gjere det nødvendig med ei anonym drøfting av saka med andre instansar der ein får avklart si meldeplikt til barneverntenesta eller vidareformidling av opplysningar til politiet, evt kontakt med legevakt eller tilvising til krisesenter.

#### **6.1.1. Barnevern og politi**

Barneverntenesta og politiet har ei spesiell rolle i høve slike saker. Ein er som offentleg tilsett pliktig å melde i frå til barneverntenesta dersom ein mistenkjer at eit barn eller ein ungdom vert utsett for eller sjølv utset andre for vald eller overgrep. Barneverntenesta vil i slike tilfeller alltid vurdere å melde tilhøva vidare til politiet for eventuell etterforskning. Politiet har også meldeplikt til barneverntenesta i tilfeller der ein mistenkjer at barn kan ha vore vitne til vald.

#### **6.1.2. Kven oppdagar menneske som har vorte utsett for eller vitne til vald**

Alle tilsette i Høyanger kommune kan kome i posisjon til å måtte melde ei slik sak vidare til barneverntenesta eller politiet. Dei instansar som kan tenkjast å oftast kome i kontakt med valdsutsette, er helsestasjonen, barnehagar, skular, NAV, legar, pleie og omsorgstenester, i tillegg til den offentlege tannhelsetenesta.

#### **6.1.3. Meldeplikt/opplysningsplikt**

Offentleg tilsette har jf *barnevernlova* meldeplikt til barneverntenesta når det er grunn til å tru at eit barn vert mishandla eller utsett for alvorleg omsorgssvikt. Dette er også knytt til andre særlover, som t.d. opplæringslova, barnehagelova, sosialtenestelova (kommunal del av NAV), Lov om sosiale tenester i Arbeids- og velferdsforvaltninga (statleg del av NAV), Lov om psykisk helsevern, Lov om sykehus, Lov om helseteneste i kommunane, introduksjonslova og straffeprosessloven.

### **6.2 Utgreiingsfase:**

Barneverntenesta er i denne fasen gjerne involvert dersom valdshandlinga omfattar barn eller ungdom under 18 år, og det vil då ofte vere aktuelt å innhente informasjon frå andre involvert instansar. Det kan også syne seg nødvendig med eit tett samarbeid mellom ulike instansar for å kome fram til tiltak som gjev barnet eller familien nødvendig støtte.

### **6.3. Tiltaksfase:**

Barneverntenesta fattar vedtak utifrå barnet og familien sitt behov, andre instansar kan verte involverte i arbeidet for best mogleg oppfølging. Dersom saka gjeld utelukkande vaksne personar, vil politiet etterforske saka.

## **7.0. Rutinar**

Alle avdelingar i kvart tenesteområde i Høyanger kommune skal ha skriftlege prosedyrer for å melde i frå om mistanke om at vald førekjem i bestemt relasjon. Dette gjeld også prosedyrer på kor tid ein eventuelt skal kontakte politi eller legevakt.

### **7.1. Offentlege tenester**

Det er gjerne i offentlege tenester som møter barn, unge og familiar, at ein får mistanke om at nokon kan ha vorte utsett for vald og overgrep. Dette er tenesteområder som helsetasjonen, barnehagar og skular. Også andre tenester som NAV, pleie og omsorg, legetenesta møter mennesker som på ein eller annan måte har vore involvert i vald innan nære relasjonar.

### **7.2. Meldingsrutine til barneverntenesta**

Ved oppdaging av eller mistanke om at vald skjer i bestemt relasjon, skal ein melde til barneverntenesta dersom den som har vorte utsett for vald er under 18 år, eller det er barn under 18 år som kan ha vore vitne til valdshandlinga.

#### ***Barnevernlova § 6-4, Innhenting av opplysninger, 2. og 3.ledd:***

*Offentlige myndigheter skal av eget tiltak, uten hinder av taushetsplikt, gi opplysninger til kommunens barneverntjeneste når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. §§ 4-10, 4-11 og 4-12, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige atferdsvansker, jf. § 4-24. Like med offentlige myndigheter regnes organisasjoner og private som utfører oppgaver for stat, fylkeskommune eller kommune. Også etter pålegg fra de organer som er ansvarlige for gjennomføringen av loven plikter offentlige myndigheter å gi slike opplysninger. Etter pålegg fra disse organer plikter offentlige myndigheter i forbindelse med sak som fylkesnemnda skal avgjøre etter §§ 4-19, 4-20 og 4-21, også å gi de opplysninger som er nødvendige for å kunne vurdere om en flytting tilbake til foreldrene, eller samvær med dem, vil kunne føre til en situasjon eller risiko for barnet som nevnt i §§ 4-10, 4-11 eller 4-12.*

*Også yrkesutøvere i medhold av lov om helsepersonell mv., lov om psykisk helsevern, lov om helsetjenesten i kommunene, lov om familievernkontorer og meklingsmenn i ekteskapsaker (jf. lov om ekteskap), samt lov om frittstående skolar plikter å gi opplysninger etter reglene i andre ledd.*

I alvorlege saker, som i saker der ein mistenkjer at eit barn er vorte utsett for seksuelt overgrep er det ein hovudregel at foreldre ikkje vert varsla om at melding vert sendt til barneverntenesta. På same måte gjeld denne regelen dersom barneverntenesta vurderer at meldinga skal vidareformidlast til politiet. Det er svært viktig at ein overlet ei slik avgjerd om orientering til foreldre/føresette til barneverntenesta og politi.

I arbeidet med å hjelpe barn som lever med vald i nære relasjonar, må ein vurdere barnet si sikkerheit. Det er svært viktig å involvere dei rette instansar, samt innordne seg rutiner om varsling eller ikkje varsling til foreldra/føresette.

#### **7.2.1. Melding til barneverntenesta**

Meldingsskjema til barneverntenesta ligg lagra i kommunen sitt kvalitetssikrings-program Kvalitetslosen under barneverntenesta. Meldinga skal utfyllast så detaljert og nøyaktig som mogleg. Meldingsskjema ligg også på [www.hoyanger.kommune.no](http://www.hoyanger.kommune.no)

### **7.3. Meldingsrutine politi**

Ved oppdaging av eller mistanke om at vald skjer i bestemt relasjon der partane er over 18 år, må ein som offentleg tilsett tilrå den valdsutsette om å sjølv melde tilhøvet til politiet. Vidare må ein som offentleg tilsett vurdere å orientere politiet om sin kjennskap til situasjonen.

Dersom ein utanom ordinær arbeidstid får kjennskap til person som har vorte utsett for vald og som har behov for å verne seg under skjult adresse, som hos Krisesenteret, skal politi og/eller lege kontaktast.

Politiet har i alle tilfeller ved kjennskap til at vald førekjem, høve til å starte gransking på eige initiativ.

### **7.4. Helsestasjonen**

Gjennom oppfølging av gravide og nyfødte er helsestasjonen ein viktig instans som kan vere dei første til å få mistanke om eller få stadfesta at det går føre seg vald i heimen. Når ein har kunnskap om ein familie der vald førekjem, anten det skjer av og til eller del av kvardagen, har både jordmor og helsesøstre meldeplikt til barneverntenesta.

### **7.5. Barnehage**

Alle barnehagane i kommunen har eigen perm – Kriseperm, Omsorg i barnehagen - med utfyllande prosedyrer for korleis gå fram ved t.d. mistanke om ”overgrep i barns nære relasjonar”. Styrar eller pedagogisk leiar vert råda til å føre logg for å kunne dokumentere dei tiltak barnehagen set inn i høve det konkrete barnet. I permenn finn ein også meldingsprosedyre til barneverntenesta. Permen er meint som eit rettleiande verkøy til barnehagane.

### **7.6. Skule**

Skulane i Høyanger kommune har til liks med barnehagane i kommunen også teke i bruk ein overordna plan med rettleiing knytt til den konkrete situasjonen. Planen ”Vold i hjemmet” er utgjeven av Utdanningsdirektoratet og gjev konkret rettleiing til tiltak.

### **7.7. Fastlege / legekontor/legevakt**

Legar er med sitt arbeidsfelt den yrkesgruppa som truleg oftast kjem i kontakt med valdsutsette menneske. Høyanger legesenter har nedfelt egne rutinar i prosedyrebok.

### **7.8. Den offentlege tannhelsetenesta**

Tannhelsepersonell vil i nokre tilfeller ha konkret mistanke om at der førekjem ulike typar vald i ein pasient sin næraste relasjonar. Dette gjeld skadar som er påført i munnregion ved t.d. seksuelle overgrep eller fysiske slag og spark mot same område. Den offentlege tannhelsetenesta og barneverntenesta har i Høyanger samarbeidsavtale for å sikre at det ved behov vert meldt i frå om funn og symptom som kan indikere at vald eller overgrep kan ha skjedd.

### **7.9. NAV lokal**

NAV kan gjennom si lovpålagde oppfølging av menneske med rusrelaterte og/eller økonomiske utfordringar, få kjennskap til at vald skjer i nære relasjonar til brukar.

### **7.10. Flyktningkonsulent/vaksenopplæring**

Tilsette som jobbar med flyktningar, asylsøkjjarar og innvandrarar har opplysningsplikt til barneverntenesta etter Introduksjonsloven § 24.

## **8.0. Barneverntenesta sine rutinar ved mottak av meldingar om vald**

Barneverntenesta deltek i anonyme drøftingar om vurdering av alvorsgraden i slike saker. Det er barnehage, helsestasjon og skule, evt andre instansar som må ta initiativ til slike drøftingar. Når barneverntenesta mottok ei melding om at eit barn kan vere utsett for vald i heimen, eller kan ha vore vitne til vald i heimen, legg *barnevernlova* klare føringar på vidare arbeid i saka:

### **8.1. Melding om bekymring for eit barn sin omsorgssituasjon**

Mottak av **melding**, meldinga skal vere handsama innan ei veke, jf § 4-2. Alvorsgraden av meldinga legg føringar for det vidare arbeidet.

#### **8.1.1. Akutt plassering**

Barneverntenesta skal vurdere behov for plassering av barnet etter bvl § 4-6, 2.ledd. Dette inneber vurdering utifrå sikring av barnet sine omsorgsbehov. Når barnet er sikra, ligg der ikkje lenger føre grunnlag for akutt plassering.

#### **8.1.2. Kontakt med andre fagpersonar**

Barneverntenesta vil tidleg vurdere behovet for råd frå andre fagpersonar. Dette vert først og fremst frå Bufetat ved fagteamet, samt det lokale lensmannskontor og politiet i fylke sin familievaldskoordinator. Vidare vil det verte vurdert å kontakte fagfolk frå Barnehuset og RVTS (Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmords forebygging) ved behov for særskild kompetanse i saka.

#### **8.1.3. Tverrfagleg samarbeid i kommunen**

Det er naturleg for barneverntenesta å i løpet av ei akuttsak, ha kontakt med den aktuelle meldingsinstans, for best mogleg ivaretaking av barnet i avklaringsfasen, samt også der det vert aktuelt med å bringe barnet til dommaravhøyr. Det vil også vere aktuelt å kalle inn til ei tverrfagleg samansett gruppe med tilsette frå helsestasjonen og politi, evt tilsette frå barnehage eller skule.

#### **8.1.4. Politiet si rolle**

Barneverntenesta melder i frå til politi tidleg i saka. Politiet set i gang etterforskning basert på innkomne opplysningar, og det vert iverksett avhøyr av offeret. Barn skal i prinsippet verte avhøyr ved Barnehuset i Bergen, dette avgjer den aktuelle tingretts-domstol.

I saker med mistanke om eller konkret informasjon om seksuelle overgrep mot barn tek ein utgangspunkt i *Straffelova § 19* som skil mellom følgjande definisjonar:

”seksuelt krenkende og annen uanstendig atferd” som blotting, kikking, m.m.

”seksuell handling” som berøring av kjønnsorgan

”seksuell omgang” som ulike former for samleie, masturbasjon, o.a.

Straffelova har vidare avgjerder om seksuell omgang med barn under 14 år og om seksuell omgang med barn under 16 år. Vidare forbyr lova ”seksuell omgang med slekt i nedstigende linje”, samleie med bror eller søster, samt seksuell omgang med nokon som den vaksne har omsorg eller mynde ovanfor.

### **8.2 Undersøking etter § 4-3:**

Barneverntenesta opnar **undersøkingssak** jf § 4-3 på nær alle innmelde saker. Dersom meldinga inneheld opplysningar med mistanke om at barnet har vore utsett for vald i heimen, vert opplysningane vidareformidla til politiet, og det vert avklart kven av instansane som først tek kontakt med næraste omsorgspersonar. Ei slik sak vil måtte innebere eit tett samarbeid med politiet knytt til gjennomføring av eventuelle avhøyr av barnet.

#### **8.2.1 Innhenting av opplysningar:**

Barneverntenesta vil i løpet av undersøkingsfasen og parallelt med politiet sitt arbeid innhente opplysningar frå barnehage eller skule, helsestasjon og evt andre involverte instansar i barnet sitt liv, som t.d. BUP, fastlege, PPT. Barneverntenesta har i slike tilfeller høve til å innhente slik informasjon utan samtykke frå familien, og det er ikkje høve til å motsetje seg opplysningsplikt jf § 6-4.

#### **8.2.2 Barn har vore vitne til vald i heimen:**

I saker der barnet kan ha vore vitne til vald i heimen, vil barneverntenesta opprette eit tett samarbeid med foreldra for ei nærare avklaring om kva som har skjedd. Slike meldingar kjem ofte frå politiet som har vore utkalla på oppdrag etter melding om familievald.

### **8.3. Tiltak etter bvl kap. 4:**

Barneverntenesta vurderer behovet for **tiltak** etter *bvl kap 4*. Tiltaka vert vurdert utifrå alvorsgraden i saka. I ei sak der ein har funne grunn til å tru at barnet vert utsett for vald, vil barneverntenesta i løpet av undersøkingsperioden vurdere å framlegge sak for Fylkesnemnd om plassering utanfor heimen, jf § 4-12. Barneverntenesta vil i løpet av saka vurdere behov for sakkunnig utgreiing. Vidare vil det i enkelte saker vere nødvendig å iverksetje hjelpetiltak etter § 4-4 for å sikre tett oppfølging av familien.

### **8.4. Tverrfagleg arbeid**

Barneverntenesta har moglegheit til å invitere ulike instansar til drøfting av saka, saka vert drøfta anonymt. Ved kjennskap til at eit barn vert utsett for vald i heimen, også seksuelle overgrep, vil barneverntenesta av eige initiativ vurdere å innkalle instansar som helsestasjonen og politi for ei nærare drøfting av saka.

Meldar kan ved visse høve vere aktuell å trekke med i ei slik drøfting. Dette vil vere aktuelt så lenge barnet ikkje vert akutt plassert utanfor heimen og får tilhøyre til annan barnehage eller skule.

## **9.0. Politiet sine rutiner**

Politiet har etablert eigen koordinator knytt til arbeidet mot vald i nære relasjonar. I politiet sin handlingsplan i Sogn og Fjordane finn ein følgjande definisjon:

”Vold eller trusler om vold overfor personer som er eller har vært gift eller lever/har levd i ekteskapslignende forhold og som er eller har vært medlem av samme husstand. Det gjelder også søsken, samt personer som beslektet i rett opp- eller nedadstigende linje. Dog er biologiske betingelser ubetydelige. Voldsutøvelsen er stedsuavhengig.”

I handlingsplanen kjem det fram hovudmålet i vårt fylke vert å redusere talet på tilfeller av faktisk familievald, dette inneber også såkalla mørketal. Vidare er målet å auke tryggleiken for personar som er eller har vore utsett for vald i familien.

### **9.1. Samarbeid med andre instansar**

Politiet i fylket bør søke å oppnå samarbeid med andre etatar/institusjonar i enkeltsaker der desse etatane/institusjonane kan bidra på positiv måte. Dette kan t.d. vere Krisesenteret, sosialtenesta (NAV) og barneverntenesta.

I ein del saker kan årsaker bak valden ligge i rusmisbruk, psykiatri, dårleg sjølvbilete og låg kontroll av temperament, dårleg familieplanlegging m.m. Politiet er då gjennom eigen handlingsplan oppfordra til å i tillegg til tiltale og straff, også sørgje for at partane får tilbod om nødvendig behandling for å få slutt på valden.

### **9.2. Dommaravhøyr av barn**

Dersom eit barn vert utsett for seksuelle overgrep, vald og mishandling, vil politi i samarbeid med domstol (her: Fjordane Tingrett), tilrettelegge for dommaravhøyr anten med egne tilsette med spesialkompetanse, eller ved Barnehuset i Bergen.

## **10.0. Krisesenter og overgrepsmottak**

Sogn og Fjordane har eitt krisesenter, der det også fins dagtilbod for valdsutsette. Det er også oppretta krisesentermottak for menn.

Overgrepsmottak er under utarbeiding når denne planen vert skriven. Inntil ei ny organisering er oppretta, tek gynokologisk avd. ved Sentralsjukehuset i Førde i mot pasientar som har vore utsett for vald i form av overgrep.

Tilsette i kommunen som kan kome til å møte menneske i ei slik krise, skal vere kjende med kvar krisesenteret og overgrepsmottak(a) ligg, samt kontaktinformasjon til desse.



## 11.0 Behov for ytterlegare tiltak

Høyanger kommune har ikkje hatt slik plan tidlegare og det er difor nærliggjande å tru at der er eit behov for å gjere planen kjend for både tilsette og politikarar i kommunen. I tillegg er det eit behov for å bevisstgjere dei same personane kva ansvar ein har og kva ein kan gjere når ein kjem i kontakt med menneske som har vore utsett for eller vore vitne til vald innan nær relasjon.

### 11.1. Arbeidsgruppa vurderer at det difor bør iverksetjast følgjande tiltak:

Jamnleg kurs/temadagar for tilsette i Høyanger kommune om Vald i nære relasjonar. Målet med dette vert å setje fokus på temaet, samt gje innsikt i dei kommunale prosedyrar og den einskilde sitt ansvar for å melde i frå om sin konkrete mistanke. Ansvar for planlegging og gjennomføring av kurset ligg til Tenesteområda Helse og sosial og Oppvekst. Det er ønskjeleg at ein til kursa inviterer representantar frå ulike organ som ein tenkjer kan vere med å tilføre kunnskap om emnet. Dette kan ein t.d. hente informasjon frå Redd Barna, Alternativ til vold – stiftelsen, Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS).

Der er også behov for faste møter for tverrfagleg gruppe for å oppretthalde kunnskapen om rutiner ved mistanke om at eit barn eller vaksen vert utsett for vald i heimen. Gruppa bør vere samansett av tilsette frå barneverntenesta, helsestasjonen, politi og evt andre. Endeleg avgjerd om gruppa si samansetjing skal verte avgjort under politisk handsaming av planen.

## 12.0 Evaluering

Planen skal evaluerast innan 2 år etter at den første gong vert vedteken, deretter kvart 4.år.

-----  
Lenkjer:

<https://www.hoyanger.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MIId=122&FilId=78>

(Bekymringsmelding til Høyanger barnevernteneste)

<http://atv-stiftelsen.no/upload/2011/04/08/veileder-ved-arbeid-mot-vold-i-nare-relasjoner.pdf>

(Drammen kommune sin veileder til handlingsplan utarbeidd i samarbeid med Alternativ til vold-stiftelsen).

[http://www.drammen.kommune.no/Documents/Enhetenes%20egne%20dokumenter/Senter%20for%20oppvekst%20dokumenter/Brosjyre%20ny%20versjon\\_kortversjon\\_vold%20i%20n%c3%a6re\\_relasjoner.pdf](http://www.drammen.kommune.no/Documents/Enhetenes%20egne%20dokumenter/Senter%20for%20oppvekst%20dokumenter/Brosjyre%20ny%20versjon_kortversjon_vold%20i%20n%c3%a6re_relasjoner.pdf)

(Drammen kommune sin kortversjon av Handlingsplan mot vold i nære relasjonar)

[www.lovdatabasen.no](http://www.lovdatabasen.no)

[www.bufetat.no](http://www.bufetat.no)

[www.redd.barna.no](http://www.redd.barna.no)

[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

[www.atv-stiftelsen.no](http://www.atv-stiftelsen.no)